

## Årsmøte i Stokkenes Golfpark SA 2023

Årsmøtet vart halde på Nordfjord Hotell, torsdag 09.02.2023 frå klokka 18.30 til 19.00.

Det var totalt 11 fram møtte, inklusive styremedlemmar. Årsmøtedeltakarane vart ynskte velkommen av styreleiar Kent Tryggestad.

### Sakliste:

1. Godkjenning av innkalling og dagsorden
2. Val av møteleiar, referent og to medlemmar til å skrive under protokollen.
3. Styrets årsmelding 2022
4. Rekneskap 2022 og budsjett 2023
5. Val av leiar
6. Val av styremedlemmar og vara medlemmar
7. Eventuelt.

## Protokoll for Stokkenes Golfpark SA

### 1. Godkjenning av innkalling og dagsorden.

Innkalling til årsmøte og sakliste vart lagt ut på Nordfjord GK si heimeside og Facebook side.

*Vedtak: Innkalling og dagsorden vart samrøystes godkjend.*

### 2. Val av møteleiar, referent og to medlemmar til å skrive under protokollen.

Møteleiar:	Kent Tryggestad
Referent:	Joar Sæten
Protokollunderskriving:	Arild Hjelmeland og Jan Skogstad

*Vedtak: Val av møteleiar, referent og to til å skrive under protokollen vart samrøystes vedteke*

### 3. Styret si årsmelding.

Styret si årsmelding for 2022 vart lest av Styreleiar

*Vedtak: Årsmeldinga vart samrøystes vedteken*

### 4. Rekneskap og budsjett.

Kasserar Helge Haugland presenterte rekneskapen for sesongen 2022 og budsjett for sesongen 2023.

*Vedtak: Rekneskapen for 2022 og budsjettet for 2023 vart samrøystes vedteke.*

### 5. Val av leiar.

Valnemnda ved leiar Jens Christian Botn la fram forslag på leiar, Kent Tryggestad

*Vedtak: Kent Tryggestad vert leiar for SGP for 2023, samrøystes vedtak.*

## 8. Eventuelt

- Styreleiar orienterte om situasjonen som har pågått med naboar i byggefeltet mot hol 1. Her har ting roa seg, men der ligg ein trussel om Forlikrådet. Advokat Erik Hauge bistår golfklubben i saka.
- Driverforbodet på utslag 1 og drivingrange blir forlenga.
- Avtale om kjøp av areal med ein av grunneigarane er signert, og blei behandla i ekstraordinært årsmøte i SGP før jul 2022. Kjøpet utløyser per tid krav om grunnundersøkingar, og er satt på vent. Skriftleg avtale med klausul på to år.

*Årsmøtet tok orienteringa til etterretning.*

Nordfjordeid, 09. februar, 2023.

  
.....  
-Arild Hjelmeland -

  
.....  
- Jan Skogstad -